

Årsmelding for 2021



Styret

Kirsten Asheim	- leiar
Ranveig Turvoll	- nestleiar
Karen Weichert	- skrivar
Reidun Flatland	- styremedlem
Astrid Drægni	- styremedlem
Evi-Katrine S Lidal	- 1. vara
Ottar Wiik	- 2. vara

Rekneskap: Vik Rekneskap v/ Kjell Egil Hopperstad

Revisor: Arne Skeie, vara: Gyda Bøtun

Valnemda: Asbjørn Holstad leiar, Ann Cecilie Rinde og Hildegunn Hellen

Leiar Barnas turlag: Anette Rinde Fosse og Brita Helleland

DNT-UNG-gruppa : Eirik Langeland Tistel (leiar), Jonas Langeland Tistel, Viljar Vikøren Vikestad og Sigrid Melheim. Vaksenkontakt: Jens A. Melheim

Onsdagsturgruppa: Øydis K. Bøtun (leiar), Astrid Drægni, Aud Bell Hove, Reidun Flatland

Hyttegruppa: Nils Gunnar Finne (leiar), Kari Vold Olsen, Halvor Flatland

Hyttestyret Målsethytta: Hanne C. Finne (leiar), Nils Gunnar Finne, Vidar Fosse, Darek Hauderowicz

Hyttestyret Jashaugbu: Siv Settevik (leiar), Nils Georg Settevik og Gry Settevik Skogheim

Hyttestyret Sylvarnes: Karen Weichert (leiar), Harald Hanekam, Hanne Finne

Sti- og merkegruppe: Karen Weichert (leiar), Anne Marie Bøtun Øyri, Nils Gunnar Finne

I 2021 har ikkje korona laga større problem for turaktiviteten i Vik Turlag.

Aktivitetar til styret

Det blei halde totalt 7 styremøte og handsama ca. 50 saker. Karen Weichert representerte Vik Turlag på årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag (SFT) på Skei i byrjinga av 2021. Karen møtte også på fellesmøtet på Tungestølen 2.oktober. I tillegg møtte også Kari Vold Olsen. Styreleiar møtte på digitalt møte med lokallagsleiarar og styreleiaren i SFT i des 2020.

Vik Turlag 20 år

Vik Turlag vart skipa 22.juni 2001. 20.årsjubileumet vart markert i lag med offisiell opning av «på Tur til Gunnarsete» 20.juni 2021. På programmet stod Familiequiz, der ein fann svara på veg opp. Det var leikar for ungane og bringebærjus til alle ved den eine løa i stien. Hanne Bruaas deltok frå Sogn og Fjordane Turlag. Av dei 49 som skreiv seg i boka på Gunnarsete var det 3 stk som fekk ei gratis overnatting (2 vaksne + barn) på Målsethytta, Jashaugbu eller Sylvarnes.

Rekneskap

Laget har hatt samla driftsinntekter på kr 538.848,90. Resultatet er overskot på kr 415.497. For detaljar blir det vist til rekneskapen for 2021. Hovudgrunnen til det store overskotet er tildeling av spelemidlar til Målsethytta på kr 342.729

Når det gjeld vanleg drift så er leigeinntektene på hyttene nesten dobla frå i fjor, unntaket er skulehuset på Sylvarnes der leigeinntektene er det halve frå 2020.

Inntekt frå DNT ca kr 80.000.

Turleiarssamling var 13.april med Karen som informerte. Det var 4 deltakarar som var samla på Moahaugane.

Sal av turkartet blei som før administrert av Nils Gunnar og Karen. Dei leverer ut kart til verksemdene som sel kartet etter førespurnad og ordnar fakturagrunnlag for Vik Rekneskap. Det er per 30.10. kun 71 stk. turkart igjen på lageret. Det er sett ned ein komite for å jobbe med fornying av turkartet, med forhåpentlegvis ferdigstilling tidleg i 2023.

Vik Turlag er med som samarbeidspartnar for **Nils Gunnar Finne si OPPTUR-bok for Vik**. Turlaget vil få logo og namn på framsida av boka, eige omtale i boka og ei side per hytte. Turlaget kjøper eit visst antal bøker som me kan selje vidare.

Vik Turlag hadde i år **ikkje stand** på arrangement i kommunen pga. at det ikkje var arrangement.

Undergrupper

Barnas Turlag (BT)

Dei sju postkassene til turbotrimmen vart hengt ut rundt i kommunen. Det var eit poeng for oss å ha kassar i alle fem bygder. Det hang kasse ved Brandholten, Dagsturhytta, Kvitenjuk, Sleipefossen, Valanipa, Kongsgardshovden og Oddmundhytta i Skard. Me delte på ansvaret for kassane, og dei vart hengt ut etter kvart som snøen trakk seg attende. Kassane vart teke ned att etter siste helga i haustferien. Dei som har fleire enn sju turar vil få premie under Nisseturen.

Me arrangerte to KDU-dagar. I februar var me på Kålsete og fekk besøk av Turboreven. I september vart det KDU-arrangement på Steim.

I tillegg arrangerte me fellesturur. Målet var å ha aktivitet kvar månad, og det har me klart.

Opmøtet på fellesturane kunne vore betre, særleg turane i Fresvik og Arnafjord. Me vurderer å sentralisera fellesturane året som kjem.

Brita Helleland har søkt om midlar til å pussa opp klatreveggen i Blixhalli. Me håpar å starta med dette prosjektet over nyttår.

Det er knytt kontakt med Vik jakt og fiskelag, og me håpar å få til fellesarrangement med dei.

For styret i Barnas turlag, Brita Helleland

UNG-gruppa

I år har DNT ung gruppa i Vik ikkje hatt nokre store arrangement. Dette er på grunn av coronasituasjonen. 30.oktober starta DNT ung opp klatring i Blixhalli. Me har treningstid i Blixhalli torsdag kl. 1900 – 2000 og laurdag kl. 0900 – 1100. Medlemmer i DNT ung som ønsker å delta på klatring kan ta kontakt med Eirik på tlf : 949 79 192

For UNG-gruppa, Eirik Langeland Tistel

Onsdagsturgruppa

Fra 28 april til 8. september har onsdagstur gruppen organisert 17 fine turer. Dette er et lavterskeltilbud som passer for alle. Vi møter opp ved Kaikanten i Vik kl.18. Det har vært mye fint vær og ingen turer har blitt avlyst denne sesongen. I juli har vi sommerpause.

Det har vært et stabilt oppmøte mellom 4 – 14 personer hver onsdag. Til sammen har det vært 154 registrerte deltakere på turene. Turene varierer fra 2-4 timer i alle deler av kommunen. Vi har et fint felleskap og vi har vært på turer i alle bygdelag.

Øydis Kleppe Bøtun, leiar

Hyttegruppa

Viktigaste jobben for hyttegruppa dette året, har vore å få til ny avtale med Vik kommune vedrørende skulehuset på Sylvarnes. Me har laga forslag, basert på tidlegare avtale. Rådmannen var svært positiv til forslaget, og det var oppe i formannskapet 4. november.

Formannskapet godkjenner forslaget frå Vik kommune si side. Viktigaste punktet i avtalen er punkt om vedlikehald. Vik Turlag får ein langsiktig avtale (32. år), og kan gjera/få utført rehabilitering og oppussing. Vik kommune har framleis overordna ansvar for vedlikehald, men Vik Turlag skal søkja om eksterne midlar. Eit vesentleg punkt har også vore om avtalen skal kunne seiast opp i avtaleperioden. Det opprinnelege forslaget gjekk ut på at dette skulle kunne gjerast, men då utelukkar ein spelemidlar. Ein konkluderte med at dette er så vesentleg, at punktet vart fjerna.

Det store tiltaket på tak og vegger på Målsethytta er ferdig (i fjor). Spelemidlar er utbetalt no i sommar med 369.000,- kr. Momsrefusjon vert utbetalt neste år, førebels uvisst kor mykje. Men uansett reknar me med at prosjektet då går i "pluss" dvs. at arbeidet er utført utan reelle utgifter for Vik Turlag. Total kostnad har vore ca. 860.000,- pluss dugnadsarbeid. – Muren på nedsida var tenkt utført i år, men entreprenør hadde "gløymt", og så vart det for seint... Dette er ein liten kostnad.

Avtale med Modig IL vedrørende Jashaugbu må fornyast, den gamle har gått ut. Modig har forslag til to mindre endringar: 1. Vil ta vekk punkt om at det skal lagrast proviant på hytta (sjølvbetent hytte). 2. Modig IL skal behandle/godkjenne større tiltak på hytta.

– Det har ikkje skjedd noko med tanke på Telegrafhytta på Vikafjellet. Me ventar på eit skriftleg svar frå grunneigarar, men det spørers om det kjem?

Nils Gunnar Finne

Sti- og merkegruppa

Sti- og merkegruppa har framleis jobba med å fornye fadderordningane for turstiane i kommunen som er skilta etter nasjonal standard. Det manglar framleis avtalane for stiane i Arnafjord, for Tveit-Kallbakkvegen, for Vangsnes-Kallbakk og avstikken til Kvitensjuk. Det blei merka opp att ei rute i år: Tistel (Rosheim) – Fjærestadhovden, praktisk utført av Asbjørn Hønsi. Vi merka også opp att fyrste delen av ruta frå Hola i Kvasdalen til Hestavatnet, i lag med Voss utferdslag. Ruta blir etter avtale med Voss utferdslag frå i år teke med i vårt rutenett. Merketuren var på same tid praktisk del av eit stikurs, som også hadde/har ein separat teoridel. Leiar i sti- og merkegruppa deltok på begge.

Sogn og Fjordane turlag (SFT) hadde i 2021 eit prosjekt om publisering av fleire ruter og turforslag på Ut.no. Vik turlag sendte inn tekst og bilete for 8 fleire turruter og 25 turforslag. Sti- og merkegruppa gjorde jobben med tekst og bilete, SFT publiserte i UT."

Karen Weichert

Medlemstal

Me har i 2021 hatt ein gledeleg medlemsauke frå 169 medlemmar til **187**.

Alderssamansetting på medlemmane er pr 01.11.2021 slik:

1-13år:	41
14-26 år:	27
27-49 år:	41
50-66 år:	48
67-84 år:	30

Vik Turlag har i år gjeve ut sin vanlege informasjonsfaldar. Det blei laga plakater for onsdagsturane og dei fleste søndagsturane. Turane blei generelt annonserte på nettsida og facebookside. Me har også vore flinke å legge ut bilete i ettertid på Facebook.

Søndagsturane var i tillegg med i Sogn og Fjordane turlag sitt turprogram som kom i alle postkassane.

Turar og turpostar

	Turar		deltaking		2021	2020
	2021	2020	2021	2020		
Barnas Turlag	6	1	71	50	16 %	14 %
Onsdagsturar	17	11	154	130	35 %	37 %
Kom-deg-ut-dagar	2	1	93	76	21 %	22 %
Opptur 8.klasse	1	1	29	33	7 %	9 %
Søndags- og helgeturar	8	3	97	64	22 %	18 %
Totalt gjennomført		17	444	353	100 %	100 %
Avlyste	1	17				

Digitale turpostar på UT.no

Det ligg eit stort potensiale i digitale turpostar. Det er mange turpostar, men som ein ser er det lite «innsjekk» Det hadde vore ynskjeleg med nokon som kan bruke litt meir tid på dette.

Turmål/hytte	Antal innsjekk i UT fra nov 20-nov 21		
Daurmålshaugen	23	Hovsåsen	1
Mytingen	20	Negardstølen	1
Målsethytta	14	Ramnaberg	1
Dregahovden (683)	13	Legdene	1
Gunnarsete	12	Holten	1
Kvitenjuk	11	Hang	1
Synshovden	9	Bungane	1
Synshovden 790	8	Jashaugbu	0
Brandholten	8	Åsegalden	0
Seldalen	7	Seimsstigen	0
Kringlevatnet (sør)	6	Rambra (1484)	0
Ytre Le	5	Lofringahaugane	0
Gunnarsetestien	4	Smørklepp	0
Soleisete	4	Skoddesete	0
Sylvarnes	3	Hestfjellet 1007 moh	0
Huldafossen	3	Helgedalen	0
Håaklukjen	3	Stedjestølen	0
Suten	3	Vollastølen	0
Tirshaugen 1301	2	Djupekard	0
Rosete	2	Botn	0
Nese-Vollekrene	1	Breiddalsvatnet	0
Sleipefossen	1		

Fysiske kasser:

Valanipa 565 besøk i 2021 (per 31.10.)
Gunnarsete 174 besøk frå 20.06 – til 14.11

Turbotrimmen – turpostar for barn, hadde 7 postar fordelt over heile kommunen:

14 ungar har besøkt alle postane

Dagsturhytta:	586
Brandholten:	420
Kvitenjuk	125
Sleipefossen	92
Valanipa	303
Kongsgardshovden	126
Oddmundhytta	331

totalt 1983 besøk

Hytter

Målsethytta

Det har ikkje vore so stor aktivitet på dugnadsfronten dette året. Me har fått skifta lysbryter på kjøkkenet av John Ronny Hove. Me har skifta tetningssnor på ovnen i hovedhytta. Har satt opp og tatt ned gjerdet rundt Vetlehytta. Satt opp og tatt ned grind ved inngangspartiet til Målsethytta. Det er skifta sengetøy i Vetlehytta og på soverommet nede i hovedhytta. ASVO har stått for vaskinga. Det skulle ha vore utført arbeid med å forbedre grunnmuren på hovedhytta, dette er utsett til neste år, arbeidet er bestilt.

Har vore på tilsyn minimum 2 gonger i måneden i sommerhalvåret, i vinterhalvåret litt færre, ca. 1 gong i måneden. Me har kjørt opp 49 sekker med ved no i haust.

Det har ikkje vore nokre stor dugnad dette året, satser på meir dugnad neste år. Planlegg å pusse opp fleire soverom, male stovegolvet og kanskje pusse opp stovene. Me må få nokon til å sjå på det elektriske anlegget i hytta, treng nye brytere og fleire stikkontakter. Hyttene treng litt meire maling utendørs også.

Besøket på hyttene har vore ganske bra. 87 personer – 138 overnattingsdøgn i Vetlehytta
68 personer – 90 overnattingsdøgn i Hovedhytta.

Hyttestyret for Målsethytta

Jashaugbu

Det var stort behov for ny utedo på Jashaugbu, då det var uholdbart å få tømt den som var der. Det vart søkt om midlar til dette gjennom Vik Turlag.

Sommar 2020 vart det sett opp ein flott utedo på Jashaugbu.

Denne er dobbel, meininga med dette er at når den eine er full, skal neste åpnes opp. Sommar 2021 vart utedoen beisa.

Ellers har det ikkje vore anna aktivitet enn normalt med tilsyn og påfyll av det som trengs som ved, gass osv.

Overnattingar :

I perioden 30/9-25/12-2020 var det 32 overnattingar (dess var ikkje med på statistikken i fjor). I perioden 14/1-16/10-2021 var det 164 overnattingar. Til saman 196.

Siv Settevik

Sylvarnes

Vik turlag har avtale med Vik kommune om drift av Skulehuset på Sylvarnes som DNT-hytte. Avtalen varer ut året, men hyttegruppa og hyttestyret har jobba for å få til ei langsiktig avtale, m.a. for å kunna søkja midlar til utbetring/oppussing av huset. Avtalen blir ei sak på årsmøtet.

I sommar fullførte vi etter fleire dugnader arbeidet med den nye utedoen. Den blei offisielt opna av leiar i laget 28. mai. Spesiell takk til byggeleiar Nils Gunnar som gjorde ein svært god jobb! Det er elles godt samarbeid med dei fastbuande på Sylvarnes. Borghild og Reidar Hjortland leverte ved til skulehuset, i tillegg til Harald Hanekam.

Besøkstalet for sesongen 2021 (fram til 31.10) er 98 overnattingar. Drifta på Sylvarnes har store delar av året vore gjennomført etter gjeldande koronareglar og tilråingar frå DNT. Då var det m.a. stengt for dagsbesøk, og det maksimale talet med personar som overnatter har vore 13. To sengar var „stengde“. Overnatting måtte tingast på førehand, og det er hyttestyret som har registrert overnattingane i hyttEboka. Hyttestyret måtte med jamne mellomrom reise til Sylvarnes og utføre vaskekontroll. Etter at „landet opna“ i haust, har det vore mogleg igjen med dagsbesøk, men vi har førebels halde fram med krav om booking.

Karen Weichert

Ymse

Vik Kommune har på gang ein **frivilleheitssentral**. Vik Turlag har meldt interesse og håper på sikt at dette kan hjelpe oss med utlån av utstyret me har.

Utstyr

Vik Turlag har ein kano og 6 par truger til utlån til medlemmane.

Stien til Dagsturhytta

Vik Turlag har meldt til Vik Kommune at Vik Turlag v/sti- og merkegruppa kan ta over ansvaret for stien,. Stien kan då verte T-merka og inngå i turlaget sine rutekilometer med merka sti. Bakgrunnen er at dette er ein mykje brukt sti og vedlikehald og merking er turlaget sin kjernekompetanse.

Lagerplass

Vik Turlag har lagerplass i kjellaren under Vik Tannlegesenter. Nøkkelen er deponert i eit nøkkelskap med kodelås ved inngangen.

Sponsor

Vik IT-Partner vart Vik Turlag sin sponsor i 2020 og har logoen sin på nettsida vår.

Vik Turlag kan skrive ut plakatar og andre dokument gratis.

Tusen takk til alle som har bidrege til aktiviteten og dugnadane i år!

Vik, 15.11.2021

Kirsten Asheim - leiar -